



Hardangerrådet iks



Hardanger

Skyss
v/ direktør Målfrid Vik Sønstabø
Postboks 7900
5020 BERGEN
skyss@skyss.no

Uttale frå HR vedr. forslag til endring i avgangstid for Turistbåtruta på Hardangerfjorden

Vi viser til mottatt brev dat. 15.02.2021 vedr. Høyring i samband med forslag til endring av avgangstid for turistbåtruta mellom Norheimsund og Eidfjord og til nettmøte mellom Skyss, Hardangerrådet og Visit Hardangerfjord 18.02.2021

Hardangerrådet registrerer at Norled ønskjer å justera avgangen frå Eidfjord frå kl 14.40 til kl 15.40 kvar dag i sommarsesongen. Utan at det går fram i brevet vart det i nettmøtet stadfesta av Skyss at det i søknaden frå Norled er tenkt at denne endringa skal gjelda f.o.m. sommaren 2021.

Hardangerrådet er samd med Skyss i at det ikkje er rett å tilrå ei slik ruteendring no og underbyggjer dette synet med følgjande:

- Rutetabellen for Turistbåtruta på Hardangerfjorden er bygd opp med ei mengd korrespondansar til og frå båtruta. Døme er:
 - Skyss rute 925 Norheimsund - Bergen
 - Skyss linje 945 Ulvik - Voss
 - Skyss linje 982 Herand - Jondal - Folgefonna sommarskiserter
 - Korr på Lofthus til/frå Siderbåten
- Ei så stor ruteendring som å utsetja "hovudreturen" frå Eidfjord med 1 time må medføra tilsvarande endring av mange korresponderande ruter. Endringa bør difor gjelda tidlegast frå sommaren 2022.
- Den omsøkte endringa vil vera positiv for opplevingar og opphald i Hardanger då ein time ekstra gjev høve til fleire aktivitetar og auka omsetnad for reiselivsnæringa. Hardangerrådet meiner at ein likevel ikkje kan tilrå ei slik endring frå sommaren 2021 då den vil ha for store negative verknader på nettverket (korrespondansane) i regionen.

Kinsarvik 19.02.2021

Med fruktbar helsing
frå Hardangerrådet

Torgeir Næss
rådsordførar
Hardangerrådet iks signerar digitalt

Jostein Eitrheim
dagleg leiar